



Ove Herland  
Mongstadvegen 826  
5955 LINDÅS

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 20/449 - 20/36116

Saksbehandlar:  
Knut Bjørnevoll  
knut.bjornevoll@alver.kommune.no

Dato:  
15.06.2020

## Melding om vedtak i Utval for areal, plan og miljø delings sak på gbnr 126/5 Hope

**Tiltak:** Dispensasjon og løyve til deling  
**Stad:** Gbnr 126/5 Hope  
**Tiltakshavar:** Jørgen Herland

Saka vart behandla av Utval for Areal, plan og miljø i møte den 10.06.2020. Utvalet gjorde følgjande vedtak:

### **APM- 082/20 Vedtak:**

Med heimel i plan- og bygningslova (pbl) § 19-2 vert det gitt dispensasjon frå LNF-føremålet i kommunedelplanen for oppretting av ny grunneigedom frå gbnr 126/5.

Med heimel i pbl § 26-1, jf. §§ 20-1, bokstav m, 20-2 og 20-4, bokstav d vert det gitt løyve til oppretting av ny grunneigedom på om lag 2550 m<sup>2</sup> frå gbnr.126/5 på følgjande vilkår:

1. Tiltaket skal plasserast som synt i situasjonsplan mottatt 15.12.2019, jf. pbl. § 29-4.
2. Rett til å føre vass- og avløpsleidningar over andre sin grunn må tinglysast seinast i samband med tinglysing av skøyte, jf. pbl §§ 27-1 og 27-2.
3. Vegrett over andre sin grunn må tinglysast seinast i samband med tinglysing av skøyte, jf. pbl. § 27-4, 1. ledd.

Løyvet fell vekk dersom det ikkje er gjennomført oppmålingsforretning etter lov om eigedomsregistrering innan 3 år etter at løyvet er gjeve, eller dersom matrikkelføring vil vere i strid med lov om eigedomsregistrering jf. pbl § 21-9.

